



Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato:

20.10.2021

Vår ref:

2021/13008

Dykkar dato:

14.09.2021

Dykkar ref:

201307772

Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon
Eyvin Søltnæs, 5764 3135

Fråsegn til søknad om løyve til regulering og uttak av vatn til settefiskproduksjon - Sagevatnet i Kinn kommune

Statsforvaltaren meiner det må stillast krav om vandringsveg for fisk mellom sjøen og Sagevatnet, i ein ny konsesjon for regulering og vassuttak frå Sagevatnet.

Vi viser til høyringa av søknad frå Svanøy Havbruk AS om regulering og uttak av vatn frå Sagevatnet.

Svanøy Havbruk AS har søkt på nytt om regulering og uttak av vatn i tråd med planane som ligg til grunn for konsesjonen som blei gitt i 2017, sidan konsesjonen ikkje blei teke i bruk innan fristen.

I konsesjonen som har falle bort er det stilt krav om at ål skal få vandre både opp og ned i vassdraget, men vatnet skulle ikkje gjenopnast for sjøaure. NVE la til grunn at produksjonspotensialet for sjøaure var avgrensa, og at ulempene for søkar var større enn fordelane av å gjenopne vassdraget.

Vår vurdering

Statsforvaltaren meiner, slik vi grunngav i høyringsfråsegna datert 27.6.2014, at òg vandringsvegen for sjøaure mellom sjøen og Sagevatnet bør opnast att. At fisk skal få vandre naturleg mellom gyte- og oppvekstområde i vassdrag og næringsområde i sjøen, er eit viktig prinsipp som har lang tradisjon, og som det bør vere høg terskel for å avvise gjennom kost-nytte-vurdering.

Dette blir handtert i mange slike vassdragskonsesjonar i dag, og det er såleis ikkje noko urimeleg krav å stille i denne saka. I den utgåtte konsesjonen er det lagt til grunn at tiltaket truleg ikkje har særleg innverknad på rekrutteringa av innlandsaure for bestanden i Sagevatnet. Dermed viser saksgrunnlaget at det vil vere rekrutteringspotensial for sjøaure om denne får kome opp i vatnet.

Med helsing

Eline Orheim
seksjonsleiar

Eyvin Søltnæs
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

E-postadresse:
sfvlpost@statsforvalteren.no
Sikker melding:
www.statsforvalteren.no/melding

Postadresse:
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse:
Njøsavegen 2, Leikanger
Statens hus, Kaigaten 9, Bergen
Fjellvegen 11, Førde

Telefon: 57 64 30 00
www.statsforvalteren.no/vl
Org.nr. 974 760 665



Kopi til:

Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Miljødirektoratet	Postboks 5672 Torgarden	7485	TRONDHEIM
Kinn kommune	postboks 294	6701	MÅLØY